

Lars Mæhle – Død eller levande

Død eller levande er ei bok i Grøss og gru-serien. Boka handlar om Simon som har ei spesiell evne: Han kan sjå og høyre ting ingen andre kan, døde folk og tonar frå ei anna verd. Ein kveld ringer ein gammal mann på døra. Han ber Simon om hjelp til å finne dottera, men dottera hans har vore sakna i over 30 år! Simon har aldri sett spesiell pris på evna si, og no blir ho direkte farleg for han.

Anslaget i **Død eller levande** kan få det til å gå kaldt nedover ryggen på dei fleste: «I kveld spelar tyskaren piano». Mæhle held lesaren på tå hev frå første til siste side. Kapitla er korte, karakterane sterke og tydelege. Det ligg ei komplisert historie til grunn for det som skjer, og Mæhle tar lesaren gjennom forteljinga med klar retning og lesedriv. **Død eller levande** blei utgitt på Samlaget i 2018.

Lars Mæhle skriv først og fremst for barn og unge. Han debuterte i 2002 med ungdomsboka *Keeperen til Tunisia*, og nærmar seg no heile førti utgjevingar. For fantasy-boka *Landet under isen* som kom i 2011 mottok han heile fire litteraturprisar: Uprisen, Fabelprisen, Kultur- og kirkedepartementets litteraturpris for barne- og ungdomslitteratur og Nynorsk barnelitteraturpris. Mæhle har òg motteke Guro Sandsdalens Litteraturpris.

Lars Mæhle er mottakar av Ordknappen 2019 for Død eller levande.



LITT Å LESE